

Mjøsdaalen I.L
5282 Lonevåg

29.07.22

Osterøy kommune
Rådhuset
5282 Lonevåg

Att: Pelle Engsaeter

Innspeil til kommuneplan

Mjøsdaalen I.L vil med dette gjere innspeil til kommuneplanen om å regulelere inn «Prestamyra» i Hosanger til nærmiljøanlegg.

Område ligger nedanfor Hosangerheimen, parallelt med riksvegen. Me viser til vedlagt kart der område er innteikna.

Prestamyra har sidan 1960 tallet vært nytta til leik og ballspel, og har blitt vedlikehalden av lokale krefter. Myra blitt slått og det har blitt satt opp provisoriske mål, og har vore eit eit ynda område for løkkefotball m.m. i sumarhalvåret.

Området kring vågen i Hosanger har på ny blitt eit naturleg samlingspunkt også for born og unge i bygda, etter oppstart av butikk, gjestebrygge og anna aktivitet kring Mjøs vågen.


Me ser difor også eit aukande behov for å tilrettelagte for aktivitetar for born og unge i dette området, og Prestemyra står fram som ein naturleg plassering for eit nærmiljøanlegg.

Me ynsker eit anlegg der det vert lagt til rette både for fotball (ballbinge?), volleyball og leikeapparat for mindre born, og område må sikrast mot riksvegen.

Idrettslaget har tatt opp ynskje om nærmiljøanlegg med Hosanger Helselag som eig område. I fylje leiar Gyda Tveiten Lewis er saka tatt opp i styret, og Helselaget stiller seg positive til planar om nærmiljøanlegg på Prestemyra.


Me vonar også kommunen vil sjå positivt på vårt ynske om å opparbeida nærmiljøanlegg i sentrum av Hosanger, då me trur dette vil være eit verdifult tilskudd for både bygdefolk og for satsinga på reiseliv i bygda.

Med venleg helsing
Mjøsdaalen I.L



Øystein Øvsthus

Søk etter innhold i valgte kilder



Temakart